



Leikanger barneskule  
[www.leikanger-barneskule.no](http://www.leikanger-barneskule.no)  
Telefon adm: 57 65 26 13  
Telefon SFO: 99 57 88 58



## Vekeplan for 4. steg veke 46

		MÅNDAG 10/11	TYS DAG 11/11	ONSDAG 12/11	TORSDAG 13/11	FREDAG 14/11	
1	08.50-09.35	<b>Tema</b> 	<b>Kroppsøving</b> Inne i Saften	<b>Symjing</b> i Sogndal  Avreise 09.05 Retur 12.45  	<b>Kunst og handverk</b>	<b>Uteskule på Aneflaten</b>  Ta med bålmat og ein vedkubbe dersom du ynskjer det.  	
2	09.35-10.20						
3	10.35-11.30	<b>Skulen les</b>	<b>Norsk</b>		<b>Songsamling</b>		
4	12.00-12.45	<b>Den kulturelle skulesekken</b>	<b>Stasjonar</b> Matte/norsk + leselærer	<b>NB!</b> <b>Utviklingssamtalar</b>	<b>Stasjonar</b> Matte/engelsk  		
5	12.45-13.30	<b>Norsk</b> + leselærer					
6	13.45-14.30	<b>NB!</b> <b>Utviklingssamtalar</b>	<b>Eples venner</b>		<b>Naturfag</b>		
<b>LEKSER:</b> 		<b>TIL TYS DAG:</b> Pakk klede til innegym. Du må også ha med deg handklede, såpe og bytekledde for <b>dusjing</b> .		<b>TIL ONSDAG:</b> Pakk symjebag. NB! De treng ikkje mappe eller bøker		<b>TIL TORSDAG:</b> Gjer matematikkleksa som du har limt inn i lekseboka di.	
<b>TIL FREDAG:</b> Pakke tursekk. Du treng sitjeunderlag, frukt, niste, drikke og bytekledde. <b>Kle deg etter været!</b>							
<b>Leselekse:</b> <b>Lesetekstane finn du i lesemappa di!</b>  Set kryss over ruta når du har lest 15 min (har du lest godt på leseleksa, kan du fylla tida med anna sjølvvald tekst).		Les teksten «Ei skikkeleg bra løgn?»  Eg har lese i 15 min 	Les teksten «Ei skikkeleg bra løgn?»  Eg har lese i 15 min 	Les teksten «Leseleksjon H-lyden»  Eg har lese i 15 min 	Les teksten «Leseleksjon H-lyden»  Eg har lese i 15 min 		
<b>Norsk øveord:</b>		<b>Matematikk øveord:</b>		<b>Engelsk øveord:</b>			
Kyrkjegard Kviskrar Trassig Svelgje	Løgnar Uverkeleg Ulykkeleg Svevande	Lengde Flate Areal Centimeter Meter	A bat- ei flaggermus A pumpkin- eit graskar A skeleton- eit skjelett A graveyard- ein gravplass	A witch- ei heks A broomstick- ein sopelime A vampire- ein vampyr A ghost- eit spøkjelse			

Siv Jane Tufte Mardal  
[siv.jane.tufte.mardal@sogndal.kommune.no](mailto:siv.jane.tufte.mardal@sogndal.kommune.no)  
Mobil: 95 08 99 43

Stine Mundal Aase  
[stine.mundal.aase@sogndal.kommune.no](mailto:stine.mundal.aase@sogndal.kommune.no)  
Mobil: 93 26 51 18



Leikanger barneskule  
[www.leikanger-barneskule.no](http://www.leikanger-barneskule.no)  
Telefon adm: 57 65 26 13  
Telefon SFO: 99 57 88 58



	<b>Dette arbeider me med denne veka</b>
<b>Norsk</b>	Kunne bruka adjektiv i skriftlege skildringar, samt lytte til og lese spanande fantasitekstar.
<b>Matematikk</b>	Kunne måle lengder og flater med standardiserte og ikkje-standardiserte måleiningar.
<b>Engelsk</b>	Kunna lytte til, forstå ord og uttrykk og samtala om skikkar knytt til Halloween.
<b>Kroppsøving</b>	Leik med ball
<b>Naturfag</b>	Kunna noko om korleis ulike dyreartar tilpassar seg miljø og levestadar
<b>Tema</b>	I denne perioden jobbar vi med tema "Skrekk og gru" i faga norsk, engelsk, kunst og handverk og musikk.



## Meldingar til heimen

### Hugs:

- lue
- vottar
- buff/skerf
- varme sko



### Tilbake til kvardagen...

Vi legg bak oss ein fin periode med studentar. Det har vore svært kjekt for både elevane og oss lærarane. Spesielt for gutane har det vore svært etterlengta å få ein pause frå oss damene. 😊 Det er heilt greitt å ytre seg om det, og vi forstår det godt! No vert det ikkje meir studentbesøk dette skuleåret, men kanskje det kjem nye moglegheiter på mellomsteget. Klassen har i alle fall vore svært eksemplariske og tatt godt imot studentane frå høgskulen.

### Utviklingssamtalar

Det er utviklingssamtalar måndag og onsdag denne veka. Sjå eiga innkalling utsendt på visma. Både elevar og føresette skal vera med på denne. Pass på at de får henta elevane i tide, slik at vi held tida. Velkomne skal de vera! 😊

### Kva skal med i sekken

Måndag: Blå mappe med lesehefte, mat og drikke  
Tysdag: Blå mappe med lesehefte, gymklede (til innegym), mat og drikke  
Onsdag: Symjklede, mat og drikke pakka i ein bag  
Torsdag: Blå mappe med lesehefte og leksebok, mat og drikke  
Fredag: Frukt, vedkubbe, mat (bålmat), drikke, sitjeunderlag og bytekledde.



### Symjeopplæring

Vi byrjar etter kvart å gjennomføre kartlegging av symjedugleiken til elevane dei neste vekene. Mange har hatt fantastisk utvikling, og er klare for å vise sin kompetanse. Vi startar med nokre få no i haust, og held fram med dette utover våren. Det vil vera ein god dialog mellom symjelærar og elevane, slik at ein sikrar at dei er trygge på deloppgåvene og har kompetanse nok til å kunne utføre dei. Ikkje alle vil kunne gjennomføre på 4.steg, og det er både normalt og sjølsagt heilt greitt. 😊

Ynskjer dykk ei fin veka! 😊

Stine og Siv Jane

Siv Jane Tufte Mardal  
[siv.jane.tufte.mardal@sogndal.kommune.no](mailto:siv.jane.tufte.mardal@sogndal.kommune.no)  
Mobil: 95 08 99 43

Stine Mundal Aase  
[stine.mundal.aase@sogndal.kommune.no](mailto:stine.mundal.aase@sogndal.kommune.no)  
Mobil: 93 26 51 18